



INFO om SØKNAD om VILLREINJAKT i 2017 på Hol fjellstyres jaktfelt

Hol fjellstyre forvaltar villreinjakta i NF 311 Skorpa statsallmenning i sone 1 (nord for fv. 50), og NF 351 Hallingskarvet statsallmenning, NF 353 Ynglesdalen kommuneieendom, og NF 361 Haugastøl kommuneieendom i sone 2 (sør for fv. 50) i Nordfjella villreinområde.

Det vil vera åpen samjakt mellom NF 351, NF 353 og NF 361 frå fyrste jakt dag 20. august.

På grunn av situasjonen med påvist skrantesjuka (CWD) i sone 1, vil det vera heilt adskilte opplegg for jakta i sone 1 og sone 2. Det vert eit åpent informasjonsmøte og skrantesjuka og haustens jakt i juni.

Nord for fv. 50 (sone 1) startar jakta 10. august og sluttar 31. oktober. Alle kort er for frie dyr, og det følger med kalvekort for kvart kort. Det vert jobba for å få til utvida samjaktavtaler for sone 1

Sør for fv. 50 (sone 2) er det vanlege jaktkort og jakttid frå 20. august til 20. september.

Kort utskrive for felt i sone 1 kan ikkje brukast i sone 2, og kort utskrive frå sone 2 kan ikkje nyttast i sone 1 før etter 20. september.

Felles for heile villreinområdet, skal det ikkje skytast vaksen bukk etter 15. september.

Prisar for 2017 er satt til:

	Sone 1	Sone 2		
	Fritt dyr + kalv	Fritt dyr	Simle/ungdyr	Kalv
Innenbygds	kr. 2.600	kr. 2.600	kr. 1.750	kr. 650
Utenbygds	kr. 3.300	kr. 3.300	kr. 2.100	kr. 900

Skriv «sone 1» eller «sone 2» etter navnet i søknadsskjemaet, for å vise kva sone du helst vil ha kort.

Av den innbetalte summen, vil kr. 500 pr fritt dyr- og simle/ungdyrskort bli attendebetalt til jegeren dersom kortretur og påførte opplysningar er i henhold til fjellstyrets bestemmelser, og CWD-prøve er levert. Bladet/Årboka "VILLREINEN" er inkludert i prisen.

Av hensyn til retur av peng, ber vi alle søkere oppgi det banknummer (11 sifre) som skal brukast.

Hol fjellstyre har vedteke at søkarar busatt i Hol kommune har fortrinnsrett til all villreinjakt som fjellstyret forvalter, men utanbygds jegere kan få kort dersom det er nok kort. Fjellstyret følger ei vedteken "RULLERINGSDORDNING" for søkarar frå og med jakta 2008, som er basert på jaktkort som er tildelt fra og med 2004, og så vidare.

Alle kvalifiserte søkarar som ynskjer å jakte til hausten må sende søknad innan søknadsfristen.

Hol fjellstyre

v/ Asle Feten

Villreinansvarleg

Nylendvegen 3, 3577 HOVET

Mobil : 99299005

asle.feten@hol.kommune.no

Jegrar som har søkt kort i Hol fjellstyre dei siste åra er registrert i fjellstyrets arkiv med nødvendige personalopplysninger, og kan sende ein forenkla **"ENKEL SØKNAD"**.

Eventuelle endringer i bustad, skattekommune, e-postadresse, mobiltlf.nr. må då meldast separat. Desse vil bli tildelt jaktkort, avhengig av kvar dei står på rulleringslista og fjellstyrets kvotetildeling. Dei som ikkje får tildelt kort i år, vil rykke ein plass fram til neste år. Etter kvart vil rulleringslista, som er eit offentleg tilgjengeleg dokument, gi jegrane ein god peikepinn på når dei kan rekne å få jaktkort.

Jegrar som **IKKJE** har sendt søknad til Hol fjellstyre eit av dei seinaste åra, må sende **"FULLSTENDIG SØKNAD"** med dei persoopplysningane fjellstyret ber om.

Alle jaktkort utstedt av Hol fjellstyre er i utgangspunktet **strengt personlige**. Etter spesielle reglar kan desse korta likevel inngå i **jaktlag** med tilsvarande type kort. Desse reglane vil bli nøye gjennomgått på kortutdelingsmøtet i august.

Søkarane oppfordrast til å bruke dei søknadsskjemaene som ligg på fjellstyrets heimeside: <http://www.hol-fjellstyre.no/>. Dersom du ikkje får mottar kvittering på epost-adressa du gjev opp, er det grunn til å tru at ikkje alt er riktig, send i så fall epost med dei same opplysningane som er spurt om i søknadsskjemaet, til underteikna. Det vert lagt ut nokre få papirsøknader i **HOL KOMMUNEHUS** eller på det kommunale **SERVICETORGET** på Geilo.

Søknader fra nye jegere må i alle tilfelle innehalde følgende opplysningar :

Søkarens navn, adresse, fødselsdato, boligkommune pr. 01.11.2016, samt telefonnummer som jegeren lettast kan treffast på, dagtid og/eller kveld. Søkarens banknummer.

Søkarar som jevnleg brukar epost, bes oppgje epostadresse som da kan brukast.

Overfor desse vil epost bli fjellstyrets kommunikasjonsmåte.

Søknader med manglande opplysningar kan bli forkasta !

Søknader som kjem inn etter fristen vil bli lagt bakerst i køen og vurdert bare dersom det er ledige kort.

Fleire søknadsskjema på papir kan evt. leggest i samme brev.

Søknadsskjema skal sendast til Hol fjellstyre fra vår heimeside, eller som epost eller som brevpost. Se adresser nederst på arket.

Søknadene må vera moteke av fjellstyret innan søndag 28. mai 2017
--

I løpet av fyrste halvdel av juni vil alle søkarane få svar på utfallet av søknaden, fortrinnsvis på epost, alternativt pr. brev eller pr. telefon.

Deretter vert det ein kort aksept- og betalingsfrist på ca ei veke, endeleg dato vil stå i svarbrevet !

Den fullstendige tildelings- og rulleringslista vil bli distribuert på epost og lagt ut på fjellstyrets heimeside. Der vil også reservar finne sine posisjonar.

Dei som ikkje har tilgang til epost eller internett, kan be om å få lista tilsendt som brevpost.

Hol fjellstyre formidlar ikkje jaktkort for Hardangervidda.

Hol fjellstyre
v/ Asle Feten
Villreinansvarleg
Nylendvegen 3, 3577 HOVET
Mobil : 99299005
asle.feten@hol.kommune.no